

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand Kulturhus 19.08.14, kl.19.00-21.00.

Til stades: Dan Danielsen, Sigmund Eiken, Arne Bergstø, Sonja Irene Skarde, Kaia Gulbrandsen. Hanne Elisabeth Hesthamar, Marta Bergstø.

Fråfall : Knut Haugen.

Sak 1 : Godkjenning av sakliste og referat frå møte 04.06.14. Ingen merknader.

Sak 2 : Framdrift for å få biblioteket til dagens bruk

Grunna planar om nytt kjøken, må biblioteket avviklast. Styret ynskjer å deligera ansvaret for rydding, sortering, og evt. sal av bøker på Haustmarknaden til Herand Kvinne og Familielag. Me vil spørja leiaren for laget Marit Samland, om dei vil ta på seg dette.

Sak 3 : Kva gjer me med barnehagelokala?

Styret er positive til å oppgradera lokala til leiligheit dersom nokon er interessert i å leiga.

Sak 4 : Førebuing til Haustmarknaden 2014.

Styret jobbar med å knyta opp ressurspersonar til å hjelpa oss.

Me vil ha eit ekstra **styremøte onsdag 27.aug. kl.19.00** for å planlegga Haustmarknaden.

Sak 5 : Kasserar for resten av året.

Styret vurderer ulike løysingar. Dan tek opp saka med aktuelle personar.

Sak 6 : Ymse :

Båtbyggartaket :

Det er innhenta kostnadsoverslag til reperasjon av taket frå byggefirmaet Brødrene Handegard v/Øyvind Handegard. Rådgjevar i Kulturminnefondet har bede om ein søknad no. Ho vil gje oss veiledning i saka. Dan sender ein søknad til rådgjevar om å få tildelt midlar til vidare arbeid.

Takk til Herand Idrettslag:

Leiaren i Bygdelaget, Dan Danielsen vil retta stor takk til Herand Idrettslag for flott initiativ til å setja igang fleire positive aktivitetar i næraste framtid!

Skrivar : Marta Bergstø.